

Møter borna nynorsk i
barnehagen?

les Håvard B. Øvregård på
kommentarlass s. 2

NR 5 • 2011 • ÅRGANG 10 • POST@LNK.NO • WWW.LNK.NO

Usamd

Nyvald Høgre-ordførar var ikkje samd i sidemålsvedtaket partiet hans gjorde i vår.

S. 18

60-åringen

Jærpoeten Helge Torvund innrømmer glatt at han brukar mykje tid på å ligge på sofaen og kike ut i lufta.

S. 12- 13

På kurs

Kommareglar, substantivsjuke og stamnespråk er viktige ingrediensar når tilsette i Kvinnherad er på språkkurs.

S. 3

Klart for e-boka




Foto: G.M. Williams

Neste år byrjar norske bibliotek med utlån av e-bøker for fullt.

• Sjå s. 6 - 8

Skarring-bloggen



Internasjonale studentar forstår ikkje kvifor motstanden mot nynorsk er så stor.

• Sjå s.11



Foto: Jobs H. Sekse/Hardanger Folkeblad

Når kriza er ute

8. juli styrtar eit helikopter i Ullensvang kommune. Ingen av dei fem om bord overlever. Ordførar Solfrid Borge, på veg heim frå eit møte utanfor kommunen, møter eit massivt presseoppbod når ho kjem heim. I slike situasjonar er det viktig at alle kjenner til kva rolle dei har, seier ho.

Det er fredag 22. juli. Ordførar Kari Aakre (Ap) er på sommarferie. Ho har fått ei tekstmelding frå Arbeidarpartiet.

– Det stod at det føregjekk skyting på Utøya. Eg visste at vi hadde tre lokale ungdommar der ute.

Kva skjer i ein kommune når kriza er ute?

Side 16 og 17



Rosenkrantz'gate 8
N- 0159 Oslo
+ 47 23 21 41 00
bookingoffice@bondeheimen.com

BEST WESTERN HOTELL
BONDEHEIMEN
Sidan 1913



- Eit naturleg val for overnatting og møte i hovudstaden

Den unge stemma

Vi hadde store forventningar til kommune- og fylkesvalet i år. Det som skjedde på Utøya og i Oslo, kjendest som eit angrep på demokratiet vårt – og svaret på utfordringa skulle bli meir openheit, meir demokrati – og fleire folk til stemmeurnene.

Så vart det ikkje slik. Berre 64,4 % av oss fann det godt å stemme ved kommunevalet, ein svak oppgang frå sist.

Men ungdomspartia opplevde stor medlemsauke, og ungdommene våre syntest å vere dei som greidde å mobilisere best.

I den førre LNK-avisa skrev vi om Brit Mari Engeskar (18), som stilte til val i Suldal kommune, og om Ungdomslista på Utsira, ei eiga valliste med berre unge folk. Engeskar er no inne med fast plass, og på Utsira kapra Ungdomslista to av 13 plassar i kommunestyret.

Desse utgjer små dryp i det store havet, men det er dryp som viser at folk tar desse ungdommene på alvor. I denne avisa kan du lese om Ungdommens bystryre i Florø, eit utval som har eksistert og gjort ein god jobb i 12 år.

Det er viktig å høre på kva ungdommen seier og meiner om ting som vedkjem dei. Mange ungdommar gir uttrykk for at det er feil at folk på pluss skal ta avgjelder på deira vegner. Det er ho som har skoan på, som best kennjar kor han klemmer.

A spørja den det gjeid, til råds er nesten alltid ei fornuftig ordning. Men samstundes er det å vere politikar noko langt meir enn å kjempe for sine eigne saker. Når ein sit i kommunestyret og andre politiske utval, så vil ein måtte meine mykje om regulering av næringsområde og sentralisering av kommunale tjenester, sjølv om ikkje meiner så mykje om det i utgangspunktet.

Det er ein kvardag både Engeskar, Ungdomslista og andre ungdommar som no har funne sin veg til kommunestyresalane, vil merke ganske fort.

Faren med å skuve Gruppa ungdom som ei enkarta gruppe vil skal høyre på berre fordi dei er nettopp ungdommar, er sjølv sagt at vi tillegg dei eigenskapar som dei ikkje nødvendigvis har berre fordi dei er mellom 16 og 25 år gamle.

Ungdom er som gruppe like einsarta som kvinner, menn og innvandrarar er. Dei kjem i ulike valorar, med ulike kran til samfunnet og seg sjølv.

Vi er ikkje i tvil om at ungdomspolitikarane våre rundt om i landet vil gjere ein god jobb i kommunestyre og utvala. At overgangen frå å vere agitator på sidelinja til å bli ansvarleg politikar kan vere stor, er ikkje noko berre ungdommane vil kjenne på. Den erfaringa har mange velvaksne folkevalde også gjort seg.

Derfor er det også viktig at vi velvaksne justerer forventningane til desse ungdommene, slik at vi ikkje forventar ungdommelege handlingar og haldningar av dei. Skal vi vise at vi respekterer og har tru på ungdommene våre, må vi ha dei same forventningane til dei som til alle andre folkevalde: At dei gjer ein så god jobb som muleg, også når oppgåva er større enn dei sjølv.

Og at dei greier det, det har vi tru på.



Håvard B. Øvregård
Leiar i Noregs Mållag

KRONIKK


Noreg i dag er liva våre djupt vovne inn i det offentlege; det er få område i kvardagen som ikkje er i anten beinveges eller omveges kontakt med det offentlege. Det offentlege sine val kan slik gje innbyggjarane både hinder og hjelpe.

Dei fleste vala som dei folkevalde og tilsette i kommunen gjer, er språkval. Vedtak og avgjorder vert forma i skrift og språk. Kommunikasjon med innbyggjarane gjennom skrift og tale er språk. Nokre val, vedtak og avgjorder har større språklege følgjer enn andre. Det viktigaste som kommunen avgjør, er vilkåra for den grunnleggjande språkleringen til alle unge og mange vaksne.

Gjer kommunen gode eller dårlege val? Sjekk sjølv gjennom å sjørje dei seks spørsmåla under til din egen kommune! Eller til deg sjølv som rådmann, ordførar, tilsett eller folkevalde.

1) Møter borna nyspråk i barnehagen?

Kommunen har eit ansvar for barnehagane, anten dei er privat eller offentleg eide. Språkutvikling er noko av det viktigaste i barnehaga-



Illustrasjon: Leif Harald Forthun

ne. I ein nynorsk kommune skal borna for det meste ha nynorsk som opplæringsmål. Korleis er samanhengen mellom opplæringsmålet i barnehagen og barneskulen? Driv kommunen aktiv påverknad av barnehagane for at dei skal føre borna inn i den nynorske skrifkulturen? Vert barneboker lesne på nynorsk, og er songane på nynorsk?

2) Møter elevane nok nyspråk i skulen?

Kommunane vedtek kva som skal vere opplæringsmålet på kvar skule. Korleis sikrar ein at elevane kan verte trygge i hovudmålet sitt? Kva rutinar har kommunen for å sikre at dei tilsette lærarar som er kvalifiserte til å undervise i og på nynorsk, og som har gode haldningar til nynorsk? Korleis møter skulen det massive boknålspresset elevane møter

utanfor skulen? Korleis sikrar ein at elevane møter nok nynorsk til at dei vert trygge språkbrukarar i hovudmålet sitt?

3) Er nyspråkplæringera for vaksne innvandrarrar på nynorsk?

Mange kommunar har vaksne innvandrarrar som ikkje enno har lart seg tilstrekkeleg nyspråk. Kva språk skal kommunane lære dei? Ikkje sjeldan tilbyr kommunane innvandrarrane opplæring i og på bokmål, og er slik med på å rive vekk grunnen for sin eigen språkpolitikk. Et det naudsynt å halde fram med denne praksisen? Kva opplæringsmål for vaksne innvandrarrar er det beste for kommunen og innvandrarrane sjølv.

4) Gjer kommunen nyspråk synleg i utetterretta kommunasjon?

Utanom lokalavisene er det fyrst og fremst gjennom skriftleg kommunikasjon med kommunen og i butikkane at folk møter skrift. Brukar kommunen nynorsk i all utetterretta kommunasjon? Og korleis møter kommunen den store utfordringa det er at svært mange butikkar og andre verksemder mest berre brukar bokmål?

5) Meistrar dei tilsette i kommunen nyspråk?

Når kommunen søker etter ingeniorar, byråkratar, kulturarbeidarar og andre – kva gjer ein når det viser seg at dei nye tilsette slett ikkje meistrar nynorsk og helst ikkje vil bruke nynorsk som arbeids-språk? Korleis gjere dei som alt som er tilsette, trygge i sin bruk av administrasjonsspråket? Kva opplæring og språkstøtte tilbyr ein dei tilsette? Finst det eit system for dette, eller skjer problemløysinga etter innfallsmetoden?

6) Seier kommunen frå når statsstataar sender brev og informasjon på bokmål?

Etter mållova pliktar staten å nytte nynorsk når han vender seg til nynorskommunar. Det gjer staten slett ikkje alltid. Korleis reagerer kommunen då? Kva rutinar finst for å fylge opp slike brot på mållova? Kontaktar kommunen Språkrådet i slike saker?

Språkleg medvit

Har din kommune reflektert over desse seks spørsmåla? Kommunar som ikkje har gjort dette, gjev ikkje sine innbyggjarar det kommunale tilbodet innbyggjarane fortener og bor forvente. Omsut for innbyggjarane si språklering og språkbruk krev språkleg medvit. Dei aller fleste ønskjer å fylle denne forventninga, eg vonar desse seks spørsmåla kan gjere utfordringa lettare.

Redaksjon:
Landsdagsamslutninga av
nynorskommunar (LNK)
Redaktør:
Toyni Tobekk
toyni@norsk-plan.no

Redaksjon:
Elin Moen Karlseth
Astrid E. Hjelmeid
Anita Svennheim
Judit Sørhus Lillehamar
Maria Torheim
Faste spaltistar:
Jan Olav Freland
Vidar Høiskeland

Korrekturlesar:
Dag Gjerde
Montering:
Norsk Plan as
Astrid Eidhammar Hjelmeid
Adresse til redaksjonen:
LNK-Avisa
Næringsbedrift i Vatlandsveg
4235 Heibnes
Tlf 52 79 04 80
Telfaks 52 79 04 81
E-postadresse: bladstova@lnk.no

Trykk:
Sunnhordland
Opplag om lag 6000
Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år
og kommer høgt.
LNK, iff. 22 kr, 14,00
LNK-Avisa, iff. 52,79 04 80,
eller bladstova@lnk.no
Pris kr 150 per år.

Neste utgjeving:
9. desember
Annonseprisear:
1/1 side kr 20 000,-
(25x360 mm)
1/2 side kr 11 600,-
(25x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.

Neste utgjeving:
9. desember
Annonseprisear:
1/1 side kr 20 000,-
(25x360 mm)
1/2 side kr 11 600,-
(25x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.

Neste utgjeving:
9. desember
Annonseprisear:
1/1 side kr 20 000,-
(25x360 mm)
1/2 side kr 11 600,-
(25x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.

Neste utgjeving:
9. desember
Annonseprisear:
1/1 side kr 20 000,-
(25x360 mm)
1/2 side kr 11 600,-
(25x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.

Neste utgjeving:
9. desember
Annonseprisear:
1/1 side kr 20 000,-
(25x360 mm)
1/2 side kr 11 600,-
(25x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.

Neste utgjeving:
9. desember
Annonseprisear:
1/1 side kr 20 000,-
(25x360 mm)
1/2 side kr 11 600,-
(25x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.

Neste utgjeving:
9. desember
Annonseprisear:
1/1 side kr 20 000,-
(25x360 mm)
1/2 side kr 11 600,-
(25x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.

Neste utgjeving:
9. desember
Annonseprisear:
1/1 side kr 20 000,-
(25x360 mm)
1/2 side kr 11 600,-
(25x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.

Neste utgjeving:
9. desember
Annonseprisear:
1/1 side kr 20 000,-
(25x360 mm)
1/2 side kr 11 600,-
(25x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.

Neste utgjeving:
9. desember
Annonseprisear:
1/1 side kr 20 000,-
(25x360 mm)
1/2 side kr 11 600,-
(25x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.

Neste utgjeving:
9. desember
Annonseprisear:
1/1 side kr 20 000,-
(25x360 mm)
1/2 side kr 11 600,-
(25x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.

Neste utgjeving:
9. desember
Annonseprisear:
1/1 side kr 20 000,-
(25x360 mm)
1/2 side kr 11 600,-
(25x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.

Neste utgjeving:
9. desember
Annonseprisear:
1/1 side kr 20 000,-
(25x360 mm)
1/2 side kr 11 600,-
(25x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.

Neste utgjeving:
9. desember
Annonseprisear:
1/1 side kr 20 000,-
(25x360 mm)
1/2 side kr 11 600,-
(25x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.

Neste utgjeving:
9. desember
Annonseprisear:
1/1 side kr 20 000,-
(25x360 mm)
1/2 side kr 11 600,-
(25x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.

Neste utgjeving:
9. desember
Annonseprisear:
1/1 side kr 20 000,-
(25x360 mm)
1/2 side kr 11 600,-
(25x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.

Neste utgjeving:
9. desember
Annonseprisear:
1/1 side kr 20 000,-
(25x360 mm)
1/2 side kr 11 600,-
(25x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.

Neste utgjeving:
9. desember
Annonseprisear:
1/1 side kr 20 000,-
(25x360 mm)
1/2 side kr 11 600,-
(25x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.

Neste utgjeving:
9. desember
Annonseprisear:
1/1 side kr 20 000,-
(25x360 mm)
1/2 side kr 11 600,-
(25x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.

SITATET:

– Slik det ser ut no, kan krisa som ser ut til å ramme Europa bli mykje meir alvorleg enn krisa i 2008. Og den vil også ramme Noreg.

Næringsminister Trond Giske på haustkonferansen til NHH.

Om pris og barometer



Vidar Høviskeland
Dagleg leiar i LNK

HØVISKE ORD

Det er snart ikkje ei riksavis her i landet som ikkje held seg med sitt eige kommunebarometer. Kvart år kappast media, forskingsinstitutt, statistikk- og klevandørar og meiningsmålarar om å fortelja oss om kor gode kommunane våre er å bu i, elles kor elendige dei kommunale tilboda er. Dette er godt lesestoff. «Alle» vil gjerne vita korleis det er å bu i sin kommune, det er ikkje nok å oppleva det sjølv.

Kåringane skal sjølv sagt seia noko om kvaliteten på dei tenestene kommunane leverer. Men kor mykje er det råd å lesa ut av denne statistikken? Svært mange norske kommunar kan visa til ein eller annan pallplass i ei slik måling, og brukar dette aktivt i marknadsføringa si.

Det er ikkje lett å finna samanhengar og trendar i oppslaga. Resultata spriker frå år til år og i alle retningar, og kommunane hoppar opp og ned på tabellane som sprettballar.

Eg tok nokre stikkprøvar: På Dagbladet sin kommunebørs for i år ligg heimkommunen min, Tynset, på 119. plass. (Fire av dei fem første i denne rangeringa er forresten nynorskkommunar.) Kommunal Rapport lagar sitt årvisse kommunebarometer, basert på

seksti ulike kriterium. Her gjekk Tynset frå ein 163. plass i fjor til ein småtrist 367. plass i år, utan at eg har merka noko særlig til forfallet. Vinje kommune gjekk andre vegen i Kommunal Rapport, frå ein trist 349. plass i 2010 til ein 138. plass i år. Men den same Vinje kommune hamna på ein imponeande 4. plass i Dagbladet. Då DN i 2008 kåra Luster til den beste kommunen å bu i, var åtte av dei ti beste på lista nynorskkommunar. For ein månad sidan konkluderte Telemarksforskning med at Gløppen er den beste kulturmommunen i landet. Gratulerer! Samstundes la dei fram statistikk som tyder på at kulturtilbod ikkje betyr noko for kor folk ønskjer å bu. Og dei ser ut til å ha rett: Gløppen kom på 234. plass på Dagbladet si liste.

Dei uklare resultata kjem sjølv sagt av at undersøkingane legg vekt på ulike kriterium. Dei ulike media vektar tilbod, nivå og kvalitet ulikt.

Årets nynorskkommune er ein viktig pris. Dei tilleggare prisvinnarane, Stord og Seljord, har brukt prisane sine aktivt i omdømbebygginga si, og det er naturleg. Søkarane dette året hadde truleg alle fortent å vinna, men berre éin kommune kan få prisen.

Gratulerer.

Det einaste som er å festa lit til i desse undersøkingane, er såleis at dei ikkje er til å lita på.

til å presentera sitt eige grunnlag for at dei vel å bruka nynorsk, og kvifor dette er viktig for dei.

Årets nynorskkommune er ein viktig pris. Dei tilleggare prisvinnarane, Stord og Seljord, har brukt prisane sine aktivt i omdømbebygginga si, og det er naturleg. Søkarane dette året hadde truleg alle fortent å vinna, men berre éin kommune kan få prisen.

Gratulerer.



Landssamanslutninga
av nynorskkommunar (LNK)

- PB 7044
- St. Olavs plass
0130 Oslo
- www.lnk.no

post@lnk.no
Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland

Styret:
Astrid Myran Aarvik, styreleiar

Laura Seltveit
Rune Øygard
Sofrid Borge
Gunnar Strøm

Varamedlemer:
Nils R. Sandal
Olaug Grana
Bjørn Fredrik Nome

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøy for medlemene og spreie informasjon som styrker dialekta, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

Din naturlege
start på
internett

www.startsida.no

Norsk kulturarvs ærespris

For femte år på rad vil Norsk Kulturarv gje ein ærespris til ein einskildperson eller gruppe som har arbeidd for å fremja interessa for den norske kulturarven. Utdelinga vil skje den 31. oktober under eit arrangement på Nordland kultursenter i Bodø, då årets prisvinnar har sterkt tilknyting til Nordland. Fylkesmann Hill-Marta Solberg vil delta under utdelinga.

Falturiltu blir tøff i trynet



Ingelin Rossland er festivaldiktar på årets Falturiltufestival (Foto: Joar M. Klette)

Søndag 6. november startar den femte Falturiltufestivalen; den einaste nynorske barne- og ungdomslitteraturfestivalen av sitt slag. Denne gongen feirar Falturiltu saman med barnebokklubben Blåmann, som også er jubilant av året.

Målet med dei seks festivaldagane er å synleggjera dei gode bøkene og forfattarane gjennom førestillingar, forfattarboset i skulen, skrivekurs, konserter og utstillingar. Temaet for festivalen er «Tøff i trynet», og Ingelin Rossland stiller for høvet som festivaldiktar.

Litteraturfestivalen byr på forfattarar som Atle Hansen, Per Olav Kaldestad, Roald Kaldestad, Asbjørn Rydland, Lars Mæhle, Atle Berge, Hilde Myklebust, Alf Kjetil Walgermo, Kristine Tofte, Erlend Flornes Skaret og Svein Tarald Framnes. I tillegg kjem songar og låtskrivar Heidi Marie Westerheim, komponist Roy Ole Førland, Janne Karin Støylen frå Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, høgskulektor Sissel Høisæter, omsetjar Øystein Rosse, Sogn og Fjordane teater, elevar frå Stord kulturskule og studentar frå Høgskolen Stord/Haugesund.

Saman om formidlinga

I august heldt Samlaget seminar om formidling av nynorsk litteratur for barn og unge.

ANITA SVENDHEIM
bladstova@lnk.no

– Det vil vere mykje å hente på å ha jamm, nær kontakt mellom formidlarane og å utvikle sams plattformer for arbeidet, fortel Terje Hellesen, redaktør for barnebokklubben Blåmann.

Seminaret kom i stand fordi fleire aktørar ønskte meir samarbeid, då både målgruppa og aktørane er spreidde over eit stort geografisk område og i ulike institusjonar.

– Me har jo alle same mål: Å få formidla all den gode nynorske barne- og ungdomslitteraturen som kjem ut kvart år.

Dette er grunnleggende viktig for å gje språket vårt ei livskraftig framtid, meiner Hellesen, som trur at ein samla vil utgjere ein større maktfaktor og kunne arbeide meir effektivt.

NYNORSK LESELYST

Under seminaret fekk dei ulike aktørane presentert seg sjølv, i tillegg til at det blei diskutert korleis dei saman skulle nå dei felles måla.

– I Blåmann merkar vi ofte at det er ein reell etterspurnad frå foreldre og pedagogar. Dei vil så gjerne ha eit oversyn over den nynorske litteraturen. Dei veit det finst mange gode bøker, at det stadig kjem nye, men òg at bøkene er for lite synlege, seier Hellesen. Han fortel at det vart diskutert andre alternativ for formidling og ein mogeleg felles katalog over tilgjengeleg litteratur, slik at det kan bli lettare for folk å orientere seg. Leselystaksjonen si noverande form blei også sett på saklista, då dagens kampanje berre rommar éi nynorsk lesebok.

– Ein slik kampanje når mange, og det kan vere like greitt å vise entusiasme og styrke ved å skipe ein eigen, som å sitje på reservebenken i den noverande.

SAMEINER ARBEIDET

– Dei nynorske forfattarane er dei mest prisløste, men dei skriv også breitt, seier Hellesen, som innrømmer at Blåmann kjenner ein ansvar for formidling av og rekryttering til den nynorske litteraturen og det nynorske språket.

– Me treng ikkje vere skjemde eller stå med luia i handa. Det er ikkje slik at vi misjonerer for eit alternativt livssyn eller prøver å selje folk noko dei



NYNORSKE KVALITETSBOEKER: Eit samarbeid på tvers av forlag, organisasjoner og stiftingar skal leggja til rette for fleire møtepunkt mellom formidlarar av nynorsk litteratur. (Illustrasjonsfoto: Astrid Eidhammar Hjelmeland)



STERKARE SAMLA: Redaktør i Blåmann bokklubb, Terje Hellesen meiner at formidlarar av nynorsk barnelitteratur samla vil utgjere ein stor maktfaktor og kunne arbeide meir effektivt. (Foto: Det Norske Samlaget)

ikkje treng. Nynorsk er det naturlege skrifstoppa til særsla nynorsk.

Hellesen meiner at ein bør vere der brukarane er, ute i barnehagane, organisasjonane og skulane. Som formidlar av den nynorske litteraturen poengterer han kor viktig det er å legge til rette for brukarane, slik at dei kan orientere seg i all den gode litteraturen og sørge for at han tilgjengeleg.

– Det blir gjort mykje bra av mange aktørar i dag, meiner Hellesen og rostar innsatsen til Noregs Mållag, eldsjeler i førskuleutdanninga, Aasentunet, Nynorskcenteret, Samlaget og andre forlag som satser på nynorskboekar.

– Likevel trur eg me har mykje å hente på å sameine arbeidet vårt. Ein liten bokklubb som Blåmann blir fort usynleg, og mange gode nynorske bøker forsvin bak bestseljarar på bokmål i bokhandlane.

EIN FELLES FRONT

Under seminaret blei det skipa ei gruppe som skal føre arbeidet vidare og legge til rette for fleire møtepunkt mellom formidlarar av nynorsk litteratur. Hellesen har tru på at dette samarbeidet vil føre til ei organisering av ein felles front som

Pirion, Noregs Mållag, Det Norske Samlaget, Skald forlag, Nynorskcenteret, Aasentunet, og fleire nynorskorganisasjonar skal samarbeide om formidling av barnelitteratur.

SAMARBEIDER

Berit Reinertsen Sandvik, kan fortelje at temaet dette året allereie har blitt teke godt i mot:


- Mange opplever dette som eit veldig spanande tema, men samstundes er det mange som opplever filosofi som noko veldig svevande og uklart. Ho håper at dei gjennom prosjektet vil kunne gjere filosofar og tankane deira meir forståelige og mindre skumle for dei yngre.

På Kvitebjørnen.no kan ein følgje elevane sitt møte med filosofi og undring gjennom skulane sine eigne bloggar.



Landol byr på filosofi og identitet

I samband med Rasmus Leland-markeringa blei det pedagogiske pilotprosjektet Kvitebjørnen skapa. Her finn ein eit pedagogisk opplegg for 6.-9. trinn som legg til rette for undring og læring i skulen. Nytt for hausten er temaet «Filosofi og identitet». I dei kommande månädane vil elevane bli betre kjende med filosofar og tankane deira, i tillegg til at det blir lagt opp til at dei sjølv skal filosofere rundt ulike tema.



E-bøker med i innkjøpsordninga

11. oktober blei Norsk kulturråd, Norsk Bibliotekforening, Norsk Forleggerforening, Norsk Forleggersamband og Den norske Forfattarforening samde om at kulturrådet si innkjøpsordning for litteratur neste år også skal omfatte e-bøker. Dag Erlend Lohne Mohn ved Buskerud fylkesbibliotek gler seg til eit breiare utval av e-bøker.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

Inkluderingsa av e-bøker i innkjøpsordninga skal vere eit prøveprosjekt som geld heile 2012. Prosjektet kan gjere opp mot 150 nye norske e-bøker tilgjengelege for nokre utvalde bibliotek.

– Vi er samde i prinsippet om at e-bøker skal inkluderast i innkjøpsordninga, men det står litt finpussing av ordlyden, fortel Mari Finess, som er seksjonsleiar for litteratur i Norsk kulturråd.

Kvart år sidan 1965 har kulturrådet kjøpt inn 1000 eksemplar av dei fleste nye norske skjønnlitterære bøkene for vaksne. Desse eksemplara blir fordelt på 970 bibliotek i landet.

– Vi har 30 eksemplar av kvar einskild bok, som vi ikkje har aktive mottakarar



GLER SEG TIL STØRRE UTVAL: Prosjektleiar for e-utlånsprosjektet ved Buskerud fylkesbibliotek, Dag Erlend Lohne Mohn, gler seg over at e-bøker nå blir ein del av kulturrådet si innkjøpsordning. (Foto: Beate Ranheim)

på. Desse eksemplara konverterer vi nå frå papir til e-bøker for 2012, opplyser seksjonsleiaaren for litteratur.

ROLEG START

Aktuelle mottakarar av desse e-bøkene blir bibliotek som lånar ut e-bøker. Buskerud fylkesbibliotek, ved dei tre biblioteka i Drammen, Kongsberg og Nore og Uvdal har i eitt år lånt ut 60 e-boktitlar. På dette året har dei hatt 1500 utlan av e-bøkene. Dei tre folkebiblioteka som er det planlagde Ryfylkebiblioteket.

– Det blir ein varsam oppstart, men eg ser for meg at det blir ei betydeleg utviding etter 2012, med ei anna omfordeling. Viss eg tenker høgt, kan kanskje fordelinga bli 800 papirbøker mot 200 e-bøker, seier Mari Finess til LNK-avisa.

Dei tre Buskerud-biblioteka har vore med i eit samarbeidsprosjekt som fylkesbiblioteket og forlaget Cappelen Damm har hatt i tre år.

– Når e-bøker nå også blir ein del av innkjøpsordninga, sikrar vi lånarane eit minimumsutval utan at det kostar for mykje for biblioteka. Nye ferske e-bøker har vore manglavare, slår rådgjevar ved Buskerud fylkesbibliotek, Dag Erlend

Lohne Mohn, fast. Han er prosjektleiar for e-utlånsprosjektet til fylkesbiblioteket.

FLEST MENN

Biblioteka i Drammen, Kongsberg og Nore og Uvdal har i eitt år lånt ut 60 e-boktitlar. På dette året har dei hatt 1500 utlan av e-bøkene. Dei tre folkebiblioteka som er det planlagde Ryfylkebiblioteket.

– Lånarane av e-bøkene har vist seg å vere litt yngre enn lånarane vi tradisjonelt har på papirbøker. I snitt har det vore fleire menn enn kvinner som har lånt e-bøker, seier Lohne Mohn fortelje frå det første året med e-utlån.

– Vi har berre hatt 60 titlar dette første året, og det er altfor få, men slik blir det når det er eit prosjekt. Vi får inn 40 nye titlar før jul, legg han til.

Alle titlane dei tre Buskerud-biblioteka har, er førebels frå Cappelen Damm. Planen er at e-utlånet skal inkludere alle forlag som gir ut e-bøker.

Prinsipp for utlån av e-bøker i norske folkebibliotek:

– Ingen skilnader mellom utlåtet som er til salgs og utlåtet som er til låns. E-bøker meinte for allmennmarknaden kan også bli kjøpte inn av bibliotek.

– Ingen karantenid. Når e-bøka er til salgs, skal ho også kunne låna ut.

– Valfridom. Biblioteka må sjølv få prioritere kva bøker dei ønsker å tilby lånarane sine.

– Ikjøn avhengig av plattform. E-bøkene som biblioteka tilbyr, må kunne lesast på så mange tilgjengelege plattformer som mogleg.

– Biblioteket skal tilfredsstille bokbransjen sine standardkrav til

opphevret og kopiering.

– E-bøker som er kjøpte inn i perioden bokavtalen gjeld, må kunne låna ut til éin lånar om gongen eit utal gonger.

Lista er utarbeidd av Nasjonalbiblioteket sitt utval for e-bøker i bibliotek, og vart lagd fram i september 2011.

Utlåtet består av Vidar Lund, biblioteksjef ved Time bibliotek, hovedbibliotekar Sissel Merethe Berge ved NTNU, avdelingsleiar Jonas Svartberg Arntzen frå Digitalt bibliotek på Deichman, og Dag Erlend Lohne Mohn, rådgjevar ved Buskerud fylkesbibliotek.

– Vi veit at nynorske bøker er med og held det nynorske språket oppe. Det må vere nokon som formidlar litteraturen som ikkje er på førstesida av Dagbladet, også. Her trur eg biblioteket vil få ein endå viktigare posisjon, held han fram.

Biblioteksentralen er oppteken av å vere med og formidle breidda.

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no

Nett det du treng på nettet?

NO OG MED EIGA
HANDBOK
FOR LÆRAREN!

Snart kan du låne e-bøker på biblioteket

I Buskerud har tre bibliotek allereie drive med eit avgrensa utlån av e-bøker i eitt år. I februar neste år byrjar dei første norske biblioteka med e-utlån for alvor. Biblioteksentralen har jobba i fem år for å få dette på plass.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

– Det er ting som må på plass før det digitale biblioteket er klart til å starte opp. Det er for det første avtaler med alle forlag og utgjevarar av norske bøker, og i tillegg ein del utanlandske. Den andre tinga som må på plass, er systemet vi skal nytte, som vi held på å setje om til norsk, fortel bibliotekfagleg direktør i Biblioteksentralen, Kjartan Veve.

FORSØK

Systemet som Biblioteksentralen har valt å nytte til det digitale biblioteket, har allereie vore i bruk i to år i Tyskland, Austerrike og Sveits.

I Buskerud er fylkesbiblioteket i gang med eit forsøksprosjekt med utlån av e-bøker, men dette er endå eit sterkt avgrensa tilbod.

Biblioteksentralen er eigd av norske kommunar, er ei non-profit-bedrift og har fordel av å vere så store at dei kan



LESEBRETT: E-bøkene kan lesast på dei fleste flater, unntatt Kindle. (Foto: Veronica Belmont, CC-lisens)

forhandle fram langt gunstigare avtaler enn dei einskilde biblioteka kan få til på eiga hand.

– Vi fungerer som ein slags bokhandel for biblioteka, seier Veve.

IKKJE FOR KINDLE

Det digitale biblioteket tilbyr utlån av e-bøker, lydbøker, film og musikk, som kan lastast ned på pc-en, lesebrettet, telefonen,

mp3-spelaren eller kva slags teknisk løysing du nyttar. Det einaste som ikkje kan brukast i dette systemet, er Kindle lesebrett, som har ei helt spesiell avtale med Amazon.

Utlånet av digitale medium kjem til å fungere på same måte som ved utlån av fysiske medium.

– For å sikre at alle opphavsvrettar blir fulgt, og at forlag, forfattarane, plateselskap og musikarane framleis får betalt for

det dei har gitt ut og laga, kjem vi til å nytte ein modell som er basert på korleis bibliotek tradisjonelt har blitt drive, seier Veve.

– Det fører til at kvar fil berre kan lånaast av ein person om gongen, og viss det er stor pågang på fila, kan biblioteket kjøpe inn fleire lisensar, legg han til.

TIDSUAVHENGIG

Viss du skal låne noko frå det digitale biblioteket, går du inn på nettsida til det aktuelle biblioteket, du søker opp den e-boka du vil låne, så loggar du deg inn og får lasta ned e-boka. Låneperioden blir avgrena, som ved fysisk utlån, og når denne perioden er over, blir fila sletta frå kontoen din. Då er e-boka klar for neste lånar.

Fordelen med eit digitalt bibliotek er at du kan låne det du ønsker, frå kvar som helst og heile dognet uavhengig av om det er sundag eller ferie.

– Ein av grunnane til at vi i Biblioteksentralen har jobba for å få på plass e-bibliotek i Noreg, er at vi ønsker å gjere nye medium tilgjengelege for biblioteka. Ein annan grunn er at vi som samfunnssaktør ønsker å jobbe for å oppretthalde norsk språk og litteratur.

I og med at utanlandske aktørar, som Amazon og Apple, har vore så tidleg ute med e-bøker, og nordmenn har så pass gode engelskkunnskapar, er det viktig at vi gjer e-bøker tilgjengelege på norsk, slår Kjartan Veve fast.

Uroa for mangfaldet

Sjølv om både Kjartan Veve i Biblioteksentralen og biblioteksjef Nina Olaussen jobbar for å gjere e-bøker til ein del av den norske kvardagen, er dei uroa for kva konsekvensar e-bøkene kan få for mangfaldet innan norsk litteratur.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no



– Per i dag blir det gitt ut fleire titlar enn naudsynt i eit så lite land. Folk må få lov til å velje sjølv kva dei vil lese. Bestseljarar er litt som ferskvare. Vi som bibliotek og bibliotekarar må gi folk det dei vil ha og spør etter, seier biblioteksjefen.

– Biblioteket er allereie ein aktiv formidlar av den smale litteraturen, viss ikkje hadde han hatt trønge kår i Noreg, legg ho til.

VIKTIG BARNE- OG UNGDOMSLITTERATUR

– Det er kjempeviktig at vi får eit godt tilbod innan barne- og ungdomsbøker. Biletbokforfattarar drar god nytte av den nye teknologien. Det blir sett godt med multimediale barnebøker, seier ho.

– Høyrar e-bøkene kan gjere det endå meir attraktivt for småbarnsforeldre å låne bøker.

– Det er lett for travle småbarnsforedre å sitje heime og låne biletbøker.

– Eg trur e-bøkene kan gjere det endå meir attraktivt for småbarnsforeldre å låne bøker.

– Det er lett for travle småbarnsforedre å sitje heime og låne biletbøker.

– Eg trur vi snart vil sjå at alle norske bøker som blir gitt ut, også blir gitt ut som e-bøker, legg han til. Han er meir uroa for dei eldre utgjevnadene.

– Det er kostbart å gjere eldre bøker om til e-bøker, og det trur eg vi i bransjen må gjøre ein solid dagnadsjobb på, slår Lohne Mohn fast.

det finst ikkje teknologi og avtaler til å gjere det same med elektronisk faglitertatur, er hjartesukket frå biblioteksjefen.

INNKJØPSORDNING SIKRAR MANGFALD

Dag Erlend Lohne Mohn, rådgjevar ved Buskerud fylkesbibliotek, er ikkje uroa over mangfaldet når dei norske e-bøkene kjem på plass for alvor.

– Utvallet i biblioteka når det gjeld e-bøker, skal vere det same som i ein bokhandel. Med e-bøker følger det ikkje med så store utgifter til lager og lagerkapasitet, dette gjev forlaget høve til å tilgjengeleg ei stor breidd innan e-bøker.

– I tillegg vil også den utvida innkjøpsordninga gi rom for breidde innan norsk e-litteratur, trur Lohne Mohn.

– Eg trur vi snart vil sjå at alle norske bøker som blir gitt ut, også blir gitt ut som e-bøker, legg han til. Han er meir uroa for dei eldre utgjevnadene.

– Det er kostbart å gjere eldre bøker om til e-bøker, og det trur eg vi i bransjen må gjøre ein solid dagnadsjobb på, slår Lohne Mohn fast.

Nybrottsarbeid i Ryfylke

I Ryfylke i Rogaland slår seks mindre bibliotek seg saman og lager e-biblioteket Ryfylkebiblioteket, som skal vere klart til utlån av e-bøker, lydbøker, filmar og musikk 1. februar neste år.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

– Det er litt artig at det er seks så pass små bibliotek i distriket som har jobba fram ei løsing for korleis eit e-bibliotek kan fungere, seier biblioteksjef i Forsand kommune, Nina Olaussen, til LNK-avisa. Ho kallar dei seks distriktsbiblioteka for «underdogs».

Ho er biblioteksjef i ein kommune med 1200 innbyggjarar. Dei andre fem kommunane som er involverte i e-bibliotek-samarbeidet, er Strand, Hjelmeland, Suldal, Finnøy og Sauda.

– For to år sidan las eg ein artikkelserie i Dagens Næringsliv som handla om e-bøker og at dei endleg skulle kome til Noreg. Då byrja eg å tenkje at dette hadde vore kjekt å kunne nytte seg av. Eg spurde meg sjølv om eg ville kome til å ha råd til å kjope alle dei e-bøkene mannen min og eg treng, og fann ut at nei, det ville eg ikkje, fortel Forsand-biblioteksjefen.

– Så tenkte eg på om biblioteket her på Forsand ville ha råd til å kjope inn alle e-bøkene vi trengte, om berre tre stykk i bygda skulle lese dei. Eg kom fort fram til at det ville bli for dyrt, held ho fram.

ETTERLENGTA SAMARBEID

Ho fortel vidare at dei seks biblioteka i Ryfylke allereie hadde eit godt forhold, og at dei i lengre tid hadde snakka om å samarbeide tettare, men at dei ikkje ennå hadde funne noko å samarbeide om. Den lange avstanden mellom biblioteka gjorde det dessutan vanskeleg å samarbeide. Frå Sauda i nord til Forsand i sør er det ifølgje Google Maps 138 kilometer.

– Det var då ideen om å opprette eit felles Internett-basert bibliotek for e-bøker dukka opp, seier Olaussen.



SAMARBEIDER: Biblioteksjef Nina Olaussen gler seg til det nye Ryfylkemuseet som blir etablert neste år, som eit samarbeid mellom seks kommunar. (Foto: Torgeir Kvalberg)

For å kunne opprette eit slikt bibliotek måtte dei ha eit selskap som gjorde det mogeleg med felles utgifter og materiellkjøp. Tidlegare dagleg leiar i Ryfylke interkommunale selskap (Ryfylke IKS), Odd Harald Olsen, tok kontakt med biblioteka.

– Olsen inviterte oss til å opprette ei avdeling under Ryfylke IKS. Han meinte at å vere ei organisatorisk eining under dei som allereie hadde eit organisasjonsnummer, var den enkleste måten å skape ei plattform vi kunne samarbeide ut ifrå, seier Olaussen.

Konferanse om e-biblioteket

Elin Moen Karlßen
elin@norsk-plan.no

Hordaland fylkeskommune set e-bibliotek på agendaen på Fylkeskonferansen for kultur og idrett. Tema for konferansen er «Lånanen i e-biblioteket».

– Lånarane er klare. Er biblioteka budde på utlån av e-bøker? er spørsmålet som definerer temaet for fylkeskonferansen, som finn stad i kulturmuseet i Os kommune 22. november.

Journalist i kulturredaksjonen i Aftenposten, Per Kristian Bjørkeng, kjem til konferansen og skal snakke om det papirlause biblioteket.

INTERKOMMUNAL DRAGHJELP

Ryfylke IKS er eit godt kjent selskap som har eksistert i mange år, og det medverka til at det nye Internett-baserte biblioteket fekk pengestøtte til å starte opp.

– Vi fekk pengar frå Nasjonalbiblioteket, frå Regionalt utviklingsprogram (RUP) gjennom Rogaland fylkeskommune og frå Ryfylkefondet, fortel Olaussen.

Til slutt sat dei att med 750 000 kroner i støtte til samarbeidsprosjektet. Midlar som kjem godt med, for elles måtte biblioteka finne pengar til Ryfylkebiblioteket ut i frå dei midlane dei allereie har til rådvelde.

Etter at dei hadde fått plass ein organisasjon for samarbeidet, starta dei ein anbodsrunde for å finne tilbydaren som kunne gi dei eit best mogeleg tilbod og løsing for eit felles Internett-basert bibliotek. Det var Bibits som vann anbodsrunden.

Dagen før vi snakka med biblioteksjefen i Forsand, gjekk det siste kommunestyret (Sauda) inn for opprettning av Ryfylkebiblioteket og dei valde løysingane.

FLEIRE E-BIBLIOTEK KJEM

Dei seks Ryfylke-biblioteka vil ha dei digitale utlånsmedia integrerte i den vanlege bibliotekskatalogen, og det kravde at alle seks biblioteka hadde eit felles biblioteksystem. Dette er nå på plass, kan Olaussen fortelje.

– Vi er ikke dei første som kjem til å låne ut e-bøker, det gjør dei allereie ved Buskerud fylkesbibliotek, men det som er spesielt med vårt prosjekt, er organisasjonsmodellen. Vi er dei første biblioteka som samarbeider gjennom eit interkommunalt selskap. Dessutan er det sjovsagt spesielt at vi er så små, sluttar Olaussen. Kjartan Vevle i Bibliotekentralen koncentrerer seg nå først om å få Ryfylkebiblioteket opp å gå til 1. februar 2012.

– Ryfylke har førsteprioritet frå vår side, men vi har stor etterspurnad etter slike e-bibliotek, og det er mange som følger i hælene på Ryfylke, seier Vevle.

ABC Startsida®
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege
start på
internett

www.startsida.no

Forsvunnen forlagshistorie

Bibliotekar Thomas Breivik
spør i bloggen **Blogg og**
bibliotek kven som skal
ta vare på og konvertere
gamle og tapte e-bokfiler i
bokbransjen i framtida.

Elin Moen Karlßen
elin@norsk-plan.no

For to år sidan gav Det Norske Samlaget ut boka *Veslebror* der deg av den kanadiske forfattaren Cory Doctorow. På oppmoding frå forfattaren gav Samlaget ut papirboka for sal i bokhandlarar og som gratis e-bok. Doctorow er optekten av at alle tekstane hans skal bli giitte ut som e-bøker under ein Creative Commons-lisens, som gjer at alle som ønskjer det, kan laste ned og lese bokene gratis.

TVILSAM

I bloggen **Blogg og bibliotek** (bloggbib.net) fortel Thomas Breivik, bokbathbibliotekar og barne- og ungdomsbibliotekar ved Lindås bibliotek, den 4. oktober om e-bokstuntet frå Samlaget, som innebar at viss ein ønskte



BLOGGAR: Bibliotekar Thomas Breivik problematiserer e-boka i bloggen sin, **Blogg og bibliotek**. (Foto: Privat)

Diktarvegkonferanse 2012

20.-22. mars neste år inviterer Fjordvegen-Diktarvegen AS til Diktarvegkonferansen 3 dagar til ende, på Ullensvang Hotel i Lofthus i Hardanger.

Programmet for konferansen er under arbeid, men alt no kjem det opplysningsar om at både samferdsleminister Magnhild Meltevit Kleppa og leiar for Nasjonal Garborgsenter, Inger Undheim, vil vere blant föredragshaldarar. Det same vil Putte Svensson, grunnleggjar av Rockparty og Hultsfredfestivalen kjem på Diktarvegkonferansen neste vår. (Pressefoto)



KJEM: Putte Svensson, grunnleggjar av Rockparty og Hultsfredfestivalen kjem på Diktarvegkonferansen neste vår. (Pressefoto)



Signe Sollien Haugå
Dagleg leiar, Setesdal Regionråd

PÅ KOMMUNEVIS

Liten, mindre, minst – og så fleksible!

Kor liten kan ein kommune bli, eller kor stor bør ein kommune vere: for å yte innbyggjarane gode og løvpålagede tenester? for å vere synleg og med i samfunnsdebatten i kampen om merksem og ordningar som sikrar framtidig handlingsrom og livskraft?

Krav til storleik – eller ikkje? Setesdal regionråd er landets minste regionråd. Vi har glede av å serje og foreine 1 liten og 3 bitte små kommunar målt i folketal – men 3 store og 1 liten målt i kraftkroner. Vi er i tillegg rike på naturarv og arealressursar. Kommunane finn saman i interkommunalt samarbeid om tenesteeproduksjon og sikring av kompetansemiljø. Dei nyttar regionrådet som felles talarøyri t.d. i møtet med NAV og samhandlingsreforma, og til utvikling av nye kompetansemiljø og interkommunalt samarbeid. Regionrådet er ikkje eit verktøy for eller imot kommune-samanslåing, men ein måte å finna oppgåværløysing på.

Komparative føremoner – by og distrikt!

Vi i Setesdal høyrer naturleg til i og ønskjer å vere ein ressurs for landsdelen vår – og vi er det. Regionen vår utgjer indrefilepane av Agder, uavhengig av dragingane om fylkesgrenser som også rir Sørlandet for tida. Gjennom naturressursane og rekreasjons- og ferieareala som vi stiller til disposisjon, kjennen vi oss som eit aktivum og ein del av fellesskapen med kysten og byane våre. Og vi ny og godt av at næringsliv og vekst er i full gang.

Utviking av omgrepet berekraft – utvikling av differensiert politikk for å få heile kysten!

Både Aust-Agder fylkeskommune og Fylkesmannen i Aust-Agder skal har røs for at dei i praksis har syn for distrikta og utfordringane som dei har. Dette vert det mellom anna arbeidd med i den felles regionplanen Agder 2020. Om ein hever blikket til landsdels- og nasjonalnivået, presser eit spørsmål seg fram: Er det for å tenke gjennom kva for distrikts- og regionpolitikk vi ikkje har for baklandet bak vekstsentrø og storbyane? Ufordiningsbiletet er mykje det same om du sett passarspissen i Haukel i og rissar ein sirkel i beltet innfor dagpendlarområdet til byane, eller om du ser fylka eitt og eitt – Telemark, Agder, Rogaland, Hordaland osb. Vi har det til felles at det er krevjande for det såkalla baklandet å ta del i veksten. Regionomgrep – eit ikke-nivå i forvaltinga, men ein handterleg storleik framover?

Regioninnvært er kan hende ein handterleg storleik i høve samordning, men per i dag er det eit forvaltningsnivå for anna enn tilfeldig dialog med styresmaktene. I ymse europeiske land er det tale om autonome regionar. Er dette noko ein kunne ta opp i eit ordskifte her, og som kunne gje nye perspektiv og strategiar? Distrikta er gjerne berarane av miljøfaktorar som sikrar økologiske berekraft som omgrep for omlandet sit. Er det til for ei regionutvikling som omfattar parametrar som sosial, kulturell og økonomisk berekraft, og som gjev utviklingsstrategiar for å sikre denne heile kysten? Eg trur det. Og eg ønskjer meg meiningsytringar som kan føre tankspinnet vidare, dessutan politikkar som vil forme ny politikk innafor regionutvikling med eit blikk på sjøle regionformatet!

Politikken må underbyggje og sikre vekstkrift kring byane, men òg utvikle distrikta og skape meir vekselverknad av verdistraumane for ei større omland. Vi treng eit eksperimentarium for ny regiontinking! Og vi treng handling for å snu straumen. Kvifor går ikkje styresmaktene føre med aktive grep; flytter ut attraktive kompetansemiljø og etatar, eller legg forskingsnoder ut til relevante vekstpunkt eller regionsenter for å styrke strukturane og sru utviklinga? Vi venter på handling, men det vi får, er sentralisering av etatar etter etatar! Og det går langt utover ein byråkrati si fattevein at dette er ein ønskt politikk.

Kan hende er det ein ny by- og landpolitikk for dei utvida by- og arbeidsregionane og etterspør? Eller gjerer ein landsdelspolitikk som svarar til særdraga og potensiala, som grip tak i ulikskapen og fremjar heile kysten?

I mellomtida held vi fram med å leve gode liv her i Rural-Noreg også! Vi fyller dagane med generalistoppgåver og kreative måtar å tilby spisskompetanse og spesialisttenester på – og vi møter mangfoldet av utfordringar med friskt mot!

Mystifiserer ikkje nynorsken

Førskulelærarstudentar ved Høgskulen i Oslo og Akershus (HiOA) blir kjende med nynorsk barnelitteratur via forlagsbesøk, digitale prosjekt og samarbeid med mållaget.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Det er ei unison semje blant studentane at dei ynskjer å halsa fram med å få tilgang til god nynorsk barne- og ungdomslitteratur, seier Margareth Sandvik, førsteamannusis i norsk ved førskulelærarutdanninga på HiOA.

Det er eit samarbeid med sals- og marknadssjef i Samlaget, Inger Stenersen, som ber frukt. Ho er øg bibliotekar og litteraturformidlar.

Det er ein luksus for studentar å få tilgang og kjennskap til så mykje ny barne- og ungdomslitteratur via ein entusiastisk litteraturformidlar, understrekar Sandvik, som prøver å unngå mystifisering av nynorsk barnelitteratur.

Ein stor del av studentane er fleirspråklege, og arbeidsstaden deira vil vera prega av ulike dialektar. Ved hjelp av barnebiletbøker lærer studentane om forholdet mellom bilet og tekst.



POSITIVE: Dei fleirspråklege studentane er ikkje negative til det nynorske sidemålskravet, fortel Margareth Sandvik, førsteamannusis i norsk ved førskulelærarutdanninga på HiOA. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)

rundt om på førskulelærarinstitusjonane i landet. Sidemålskravet er i følgje Sandvik det einaste formelle møtet studentane i Oslo får med nynorsk. For mange har det vore ei tvangstreng, og mange elevar har skrive kva tekst som helst berre for å ha det gjort. Ofte er formidlinga av sidemålskravet lite engasjerande, og det held at halvparten eller ein tredjedel av teksten er på sidemålet. I tillegg skal alle studentane formidla ei bok på nynorsk.

Dei siste åra har førskulelærarutdanninga samarbeida med Mållaget i Oslo når dei gjevd sidemålskravet i norsk og i IKT. Studentane har laga biletfotreljingar på sidemål ved hjelp av det digitale verktøyet Photo Story. Den beste fotreljinga har blitt kåra ved hjelp av jury. Det er blitt ei seriøs kåring med utdeling av priser for første til tredje plass. Ved kåringa kjem mållaget opp og har show og deler ut ulike effektar.

– Haldningane til studentane er delte, seier Sandvik. Samstundes merkar ho at innstillinga endrar seg i stor grad etter at elevane har fått jobba med Photo Story-prosjektet. Photo Story-oppgåva kan nyttast i praksis, og mange har teke med seg oppgåva ut i barnehagar i praksisperiodar.

Sandvik oppmodar utdanningsinstitusjonar til å ta i bruk digitale verktøy i undervisninga. Skal førskulelærarane formidla god nynorsk barnelitteratur, må dei kjenna til han. Her spelar førskuleinstitusjonane ei viktig rolle. Dersom ein ikkje har høve til å få bokpakkar frå forlag eller forfattarbøker, er det viktig å alliera seg med biblioteka og sørja for at dei er oppdaterte med all den gode barnelitteraturen som finst.

Nynorsken må også få ein meir naturleg plass i den digitale verda, nynorsken må bli ein del av bynorsken, avsluttar ho.

Bli med i Fagforbundet!



Fagforbundet er det største forbundet i LO og har nå rundt 315 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksamheter kan bli medlem i Fagforbundet. I tillegg organiserar vi tilsette i sjukehusa. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet jobber i mot konkurranseutsetting og privatisering av offentlege tenester. Vi ynskjer ein sterkt offentleg sektor som kan gi innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.



Velkommen som medlem.
Send Fagforbundet medlem til 1980

FAGFORBUNDET

ABC Startsida®
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start på internett
www.startsida.no



Sjå meir på LNK.no om tilboda kortet gir

SITATET:

– Vi har fått nytt lys over gammal sanning. Språket er i utvikling, og det må også bibelspråket vere.

Biskop Ingeborg Midtmømme i samband med lanseringa av den nye Bibelen 2011. (Kjelde: MøreNytt.no)

Skarring

Bloggar på nynorsk

Fleirspråklege studentar ved Universitetet i Oslo (UiO) går opp til skriftleg eksamen på nynorsk og praktiserer nynorsk på bloggen Skarring.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no



I vår gjekk 9 elevar opp til eksamen i det nye studiet NORINT2115 – Dialektar, nynorsk og språkhistorie, som er del av eit flagstudie for internasjonale studentar.

Studiet har fokus på tekstkompetanse, og elevane som kan ta dette, må ha studert norsk på høgt nivå.

Det nye faget, som tel ti studiepoeng, skal gi ei innføring i norske dialektar, norsk språkhistorie og nynorsk for internasjonale studentar. Studentane skal få eit grunnlag for sjølv å kunne undervise om det norske språklandskapet. Vidare skal dei kunna tileigna seg fagstoff med relevant innhald på nynorsk og kunna bruk nynorsk i eigen skriftype produksjon.

– Alle elevane må skriva heile teksten på eksamen på nynorsk, fortel Toril Kristin Sjo, universitetslektor ved NORINT. Ho fortel at mange var skeptiske til om dette skulle gå bra. Språkstudentane gjorde all til til skamme, fortel Sjo.

Det er heilt uproblematisk å skriva på nynorsk for fleirspråklege studentar, understrekar ho.

Elevane skrev godt og fekk veldig gode tilbakemeldingar. Mange av studentane stille seg underdratt til at det er så mykje motstand mot nynorsk. Dei lurer i følgje Sjo på om nordmenn har for lite kunnskap om historie, og om det er difor dei stiller seg så kritiske til nynorsk.

BLOGGAR PÅ NYNORSK

I samband med studiet er bloggen Skarring etablert som møtestad for elevar og føredragshaldarar for studiet.

– Bloggen skal vera ein prøvestad for det skriftlege språket, fortel Toril Kristin Sjo. Vidare seier Sjo at toleransen for hypotesestandarde språkbruk skal vera stor i bloggen. Alle skal få skriva slik dei vil. Ved å blogga får studentane og elevane dokumentera si eiga språkutvikling og framdrift i studiemeinet.

Besök Skarringbloggen på <http://skarring.wordpress.com/about>

MOT TIL Å MEINA

DET HJELPER

Å ENGASJERA

DEI UNGE

Ved haustens kommunestyreval var det langt fleire unge under 26 som nyttar røysteretten.

I Time kommune nyttar 55 prosent i aldersgruppa den same retten, i 2007 var talet 37 prosent.

Sauda kommune var likevel best då over 80 prosent av dei røysteførarar i denne gruppa nyttar retten sin ved kommunevalet i haust.

Det førte unge Saudabuarar inn i politikken: Anja Røyrøy Pettersen (A) og Eirik Birkeland (Sp) fekk plass i kommunstyret, sistnemnde òg med plass i formannskapet.

Me gratulerer!

KOMMUNAL OG REGIONALDEPARTEMENTET



@2rvund

Kven synest eigentleg at omsette japanske haikudikt passar på Twitter? Dei 5 560 følgjarane til poeten Helge Torvund gjer i alle fall det.

Han er ein heller utypisk tvitrapoeten, forfattaren og psykologen fra Også i Rogaland. Kvar dag, fleire gonger om dagen, strøymer maksimalt 140 teikn lange verseliner ut frå taustaturet hans og inn i Twitter-strumen til desse 5 560.

Trovund tvitrap eigne dikt, andre sine dikt, omsette dikt og verseliner som kanskje skal bli noko.

Ein gong, ute i sanddynene på Jæren, gjekk han og fabulerde og drodla i tankane. Fabuleringa vart til denne Twitter-meldinga:

@2rvund: Du er nede for telling. Eg er oppe for show. Du ellers ei elling. Eg seier Go! Me står i ei belling. Verken high eller low. Go! Go! Go!

Denne meldinga såg musikaren Bjørn Eidsvåg, og han bad Torvund om å gjere ho om til ein heil song. Slik vart hitten *Nede for telling*.

Men grunnen til at Torvund engasjerer så mange, er at han ikkje berre gir, han lyttar og involverer seg, set i gang ordleik og gir respons, seier følgjarane hans. Sjølv seier han at han opplever at poesien har fått ein ny arena med Twitter, og at det var meiningsa hans heilt frå første tvitring.

– Dette har vore hovudprosjektet mitt heile tida, at eg kunne få opne nye øye for poesien, ei verdi mange kanskje ikkje kjende til. Det har vore veldig tilfredsstillande.

Men han tvitrap ikkje heile tida, sjølv sagt gjer han ikkje det. Berre når han sit og jobbar, og kanskje når han treng å ta seg ein liten pause.

– Folk legg ikkje merke til om eg er vekke frå Twitter i 4 timer, men dei merker nok at eg er der kvar dag, seier han.

Og så er det dette at teknologien ikkje får spele noko altomfattande rolle i livet, heller.

– Eg les om korleis teknologien verkar inn på menneska, og det er ikkje alt som høyrest lystig ut.

Difor er han noye på å oppsøke andre veremåtar, som han seier, for å observere livet innafrå. I naturen, til dømes, der han berre er i naturen. Ikkje til-

gjengeleg på mobil. Høyrer heller på tvitringa frå fuglane, seier han.

– Vi må ha ein viss balanse, ikkje bli totalt oppslukte.

Helge Torvund vart 60 år i haust. Han er gift, har tre vaksne døtrer og er opphavleg utdanna psykolog. Den første diktsamlinga, *Hendene i byen*, gav han ut i 1977, då var han 26 år gammal. Etter det har det kome nesten ei bok kvart år frå hans hender, både poesi, barnebøker og faglitteratur, i tillegg til at han har vore litteratur- og kunstkritikar.

Før 10 år sidan starta Dagbladet si lyriske satsing *Diktammeret*, ein arena der lesarane kan sende inn og diskutere eigne og andre sine dikt, og der Torvund har vore diktfilarar heile vegen. Det har vore spesielt, seier han, å få ha dagleg kontakt med skrivande menneske på den måten. Kunne bruke tid på det som opptek han. Ikkje alt han har lese seg gjennom på desse ti åra har vore bra, sjølv sagt, men det å finne noko godt i det som andre har skapt, det er verdifullt. Og så er det ikkje til å kimse av at det har vore ei stabil inntektskjelde desse åra, noko som ikkje er så sjølv sagt for ein forfattar.

Då Torvund fylte 60 tidlegare i haust, valde forlaget hans, Samlaget, å feire han med eit matinéarrangement på Litteraturhuset i Oslo og ved å gjie ut boka *Å våge seg ut i ord*. I samband med feiringa teikna konsulent Brit Bildoen i Samlaget eit bilde av Torvund som ein raus og klok poet og kalla arbeidet hans med *Diktammeret* eit lite mirakel. Boka dokumenterer arbeidet som er gjort i Diktammeret desse ti åra. Ho inneholder mellom anna Torvund sine leksjonar og Månedens dikt frå *Diktammeret*, med kommentarar frå læraren sjølv.

– Det er ei stor og staseleg bok, seier Torvund. Ei god 60-årsåve.

Trovund har også fått Stavanger Aftenblad sin kulturpris i år, stemd fram av lesarane. Og så er det dette med den nyaste boka hans, *Alabama?*, ei bok som har vekt begeistring og engasjement. På Twitter.

Han er blitt synleg, Helge Torvund.

– Det at eg er synleg no, er fruktene av eit langt arbeid med å formidle poesi, meiner han sjølv.

– For meg er det ein stor og viktig del av virket mitt å vere formidlar. Fordi eg opplever poesi som viktig, og fordi eg vil vise folk at det er ting å hente her, i poesien.

Poesien får så lite merksemål i litteraturkritikken og litteraturoforskinga, seier han. Det er roman på roman på roman. Poesien kjem i skuggen. Det har han altid vilja gjøre noko med.

– Eg var hovudmeldar av lyrikk i Dagbladet i sju år. Eg puslar litt enno, greier ikkje legge det vekk. Men det stod meir om lyrikk i Dagbladet då eg var der fast, enn det gjer i dag.

Når han så gav ut *Alabama?* i vår, var det naturleg å bruke Twitter for å gjøre boka og poesien enno meir synleg. Små dryp av dikt jamt og trutt, med påfølgjande tilbakemeldingar frå om lag 5 560 konsulenter. Det verka. For første gong opplevde Helge Torvund at heile førsteopplaget av boka hans vart sett ut, og i sommar vart andreopplaget trykt.

Som om ikkje det var nok, har det skjedd noko med sjølv boka, *Alabama?* Forfattaren og filosofen Øyvind Kvalnes har starta ein slags «book crossing», berre for boka *Alabama?*, og folk sender inn biletet i hopen. Biletet av boka, tekne på ulike plassar. Samla på nettstaden alabamareiser.tumblr.com.

Som om Twitter tek poesi-bolgja, seier ein av følgjargane hans, og held fram:

– Det er ikkje kvar dag poatar stagedivar, men Torvund gjer det på Twitter med *Alabama?*

Smigrande, og litt toysete. Torvund kan godt tåle litt toys, seier han.

Men det skal litt mot til når ein legg seg sjølv ut til synne på denne måten.

– Du skal vere trygg på kva du vel å ta om-syn til av respons, til dømes.

Du får respons som er så ulik, seier han, somme heng seg opp i det som andre synest er heilt greitt.

SJØLVEMELDING

Namn: Helge Torvund

Alder: var 60 år i august.

Bur: på Også sør i Hå kommune.

Fødd på Nærøya i same kommunen.

Sivil status: har vore gift med Vesna i 27 år den 2. november.

Aktuell: tre bøker i år. Diktsamlinga *Alabama?*, Å våge seg ut i ord om Diktammeret, og barneboka *Vivaldi*.

– Det ender likevel med at du er heilt åleine om prosessen.

Alabama? har vore eit langt prosjekt, som byrja i 2007. Det første diktet i samlinga er eit dikt han las i farens si gravferd. Så vart han sjølv sjuk, av kreft, og somme av dikta i *Alabama?* er skrivne frå sjukesenga i Hillevåg, Stavanger.

Det vart eit stort manus til slutt.

– For meg er *Alabama?* ei skikkeleg seriøs diktsamling. Eg har gitt alt eg kan.

Nyleg fullførte han ei barnebok, *Vivaldi*, som er på veg til bokhyllene oppunder jul.

Å skrive poesi og å skrive barnebøker, det inneber litt ulike tilnærmingar.

– Eg er ein poet som skriv i inspirasjon, eg kan ikkje setje meg ned og bestemme meg for å skrive. Men forteljingane, ja, dei krev ei anna tilnærming. Det er ein langsam prosess med mykje omskriving.

– Eg går inn i eit anna rom, i ein annan tilstand, når eg skriv. I denne prosessen er det ein intensitet som eg sjeldan opplever i andre samanhengar.

Seier han, og understrekar at det er rom for toys og ordspel så vel som alvor i denne prosessen. Men den er veldig fokusert.

– Eg har eit bevisst forhold til den underbevisste delen av meg. Eg er ein forfattar som ligg ein del på benken og ser opp i lufta.

Så kva no? Kvar går vegen vidare for Jær-lyrikaren?

– Eg veit aldri det.

Han har blitt utfordra av Rogaland teater til å skrive for scena. Han har lyst til å gjøre ut flere barnebøker, og har nokre skisser liggjande. Kanskje blir det noko av ein meir sjølvbiografisk art ein gong.

– Ikkje ein heilt vanleg biografi. Men ein slags poetisk, magisk tekst om ting eg har opplevd.

Han har skrive litt her og der, og det er slik det er:


– Det er mange ting det kan bli noko av, og det er mange ting det ikkje bør bli noko av. Sidan du no spør.

STOR KOMMUNE?

MELLOMOMSTOR KOMMUNE?

LITEN KOMMUNE?

BITTELITEN KOMMUNE?



KBN Kommunalbanken
Norge

- me er til for alle

I meir enn 80 år har me hjelpt kommunane med å få meir ut av midlane sine. Det er den fremste oppgåva vår.

Me kan gje kommunen din råd og rettleiing om finansiering, slik at kommunen kan realisera sine mål.

Tok passasjerane på ordet

Fjord1 har for tida eit prøveprosjekt med ny ferjemat på gong på to av ferjene sine. Menyen og konseptet har blitt til i samarbeid med ferjepassasjerane.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

Bloggar og TV Vest-journalist Veronica Simoné Fjeld blogga om kor därleg ho syntest maten var på ferja ho tok mellom Halsjøen og Sandvikvåg. Så sende ho ein e-post til konsernsjef i Fjord1, Leif Øverland, der ho peika på manglende kvalitet på ferjematen. Då fekk Fjord1 fart på sakene.

Dei sette i gong ei brukarundersøking blant dei reisande og oppretta ei referansegruppe, der mellom anna Fjeld blei invitert med.

Resultatet av brukarundersøkinga blant ferjepassasjerane viste at dei ønskte meir sunn mat og mat som var enkel å ta med seg i bilen. Nå i sommar blei konseptet Ferdamat innført som eit prøveprosjekt på dei to Fjord1-ferjene «MF Fanafjord» i Halsjøen-Sandvikvågsambandet i Hordaland og «MF



SATSAR PÅ MAT: Fjord1 vil utbrette mattilbordet. (Foto: Fjord1)

Fannefjord» i Molde-Vestnes-sambandet i Møre og Romsdal.

– Vi har ikkje evaluert prosjektet endå, men vi har prøvd å legge best mogeleg til rette i høve til dei svara vi fekk i marknadsundersøkinga. Vi har førenkla menyen, samstundes som vi har lagt meir til rette med heile menyen.

Vi lyttar til det store fleirtalet, men er klare over at det ikkje er alle som er nögde, seier catulingsjef i Fjord1 MRF, Arild Reistadbakk, til LNK-avisen.

Han fortel at tanken til Fjord1 var å auke omsetnaden i kiosken.

– Vi har fått stort sett positive tilbakemeldingar på prosjektet, men vi er ikkje ferdige ennå. Vi har meir å gå på, men i høve til undersøkinga er vi på rett veg, seier catulingsjefen.

SAKNAR STØRRE FORANDRINGER

Bloggar og TV Vest-journalist Veronica Simoné Fjeld blei glad og overraska då ho fekk vere med i referansegruppen. Ho er likevel litt skuffa over resultatet av omlegginga av ferjematen.

– Då eg til slutt trefte på rett ferje her i sommar, såg eg ikkje dei store endringane i kiosken, anna enn at dei hadde fått opp eit skilt og nokre automatar rundt omkring. Eg veit ikkje om eg kom på ein därleg dag, men eg blei litt skuffa, slår Veronica Simoné Fjeld fast. Ho pendlar ikkje lenger frå Os til Stavanger, men har flytta tilbake til heimbyen Stavanger. Derfor har ho ikkje fått prøvd den nye maten så mykje.

Rune Rokstad var med i referansegruppen saman med Veronica Simoné Fjeld. Han driv eige firma i Sykkylven i Møre og Romsdal og reiser med ferje tre til seks gonger om dagen. Han har endå ikkje fått prøvd ut det nye matprosjektet på «MF Fannefjord».

– Eg reiser så mykje på ferje at eg er veldig oppteken av kva dei sel i kioskane. Det var viktig å få eit større mangfald i diskane, litt meir vanleg mat og litt mindre eininger. I tillegg synest eg det burde vere mogeleg å få til ei ordning for dei som reiser mykje med ferjer, til domes når det gjeld kaffiprisen. Eg bruker fort over 100 kroner dagen berre på kaffi på ferjene, seier Rokstad.

Han synest heller ikkje Fjord1 er gode nok på å marknadsføre det dei sel i kioskane.

– Gjennomsnittleg sit kanskje rundt 70 til 80 prosent i bilane under ferjeturen, og då må det vere synleg på dekk kva dei sel i kiosken, for å lokke kundane inn. Eg trur at med ei betre marknadsføring kunne dei ha dobla omsetnaden i feriekioskane, slår Rokstad fast.

Etter planen skal konseptet Ferdamat bli ein del av kioskmaten i alle sambanda til Fjord1 i løpet av hausten.



Jan Olav Frelend
Førsteamannen i norsk ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

SPRÅKRÅD

Orda har fått nytt innhold

22. juli har forandra oss på mange måtar. Det som ikkje kunne skje her i vår fredelege avkrok, det hende. Og mordaren var ein heilt annan enn den terroristtypen mange har åtvært oss mot. Dette gjev grobom for mange ettertankar, også når det gjeld språket vårt. For denne seinsommaren har ord og uttrykk som me gjerne har hørt varsame med, brått vore å høyrer frå mange kantar: *kjærleik, hat, solidaritet, å setja sola framfor skuggen, vinna over mordaren med handlingane våre*. Det er ord som gjerne har verka for høgtidlege eller vore oppbrukte, og uttrykk som har verka for pomposé å bruka for dei fleste. Så skjer dette dramatiske, utenkjelege, og orda får mening. Å vera solidarisk og tolerant blir brått konkret og meiningsfylt. Me som stilte til lokalval i Lærdal, vant til dømes fort einige om at i år måtte me fyrst visa at me heldt saman, med å ha felles vartorg og ei felles oppmoding i avis om å roysta. Eg kjänner på meg sjølv at eg nok også har halde mein at på språkbruket enn eg elles ville ha gjort når det gjeld å «ta» ein konkurrent i valdebattane. Eit opnare språk vart ein del av reaksjonen mot ujerninga.

Fleire negativt ladde uttrykk har også forsvunne frå debatten, i allfall for ei stund. Det har vore stilt om snikislamisering, og knapt nokon har hevdha at muslimane no snart tek over styre og stell i Noreg. Eg har hørt så ymse til uttrykk, også av eigne sambygdingar, dei siste åra: jordrotter eller fanatikarar om vanlege arabarar er noko av det verste. Når no ujerningsmannen er ein lyshåra, stram Oslo Vest-ungdom som kallar seg kristen, blir det verre å dømma folk etter hudfarge eller religion. Men den kollektive og eintydige fordomminga av mordaren sine idear bleiknar etter kvart. Den dagen eg skriv dette, 27. oktober, skal ein ung herre forklara i offentleg debatt kvarfor det er vorte enklare å vera mannedyrkar og mot feministar etter Bering Breivik sitt manifest. Vel bekomme, seier eg!

Skal me som samfunn vinna over Breivik med handlingane våre, må det syna att, også i orda me vel. Og me som er kvasse i munnen, får moderera oss litt. For det bør bli enklare for alle å leva i det flerkulturelle Noreg framover.

Stort oversyn Lite format

Bladet for landbruk og andre bygdenæringer på Sør- og Vestlandet.

Eit år med Bondevennen. førti nummer. heim til deg for kr 350. (Normal pris er kr 700. Berre for nye abonnantar.)
Send e-post til bond@fkr.no. Merk: LNK-tilbod.

Bonde vennen

Sidan 1898 har Bondevennen som fagblad og talerøy sett fokus på landbruket og andre bygdenæringer. Nedslagsfeltet er frå Sunnmøre i nord langs kysten til og med Telemark, med tyngdepunkt i Rogaland, Agderfylka og Sunnhordland.



Med pressa i rådhuset

- Viss vi skulle gjort noko annleis etter ulukka, så kan det vere vi ikkje hadde slopp media så tett innpå oss.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Det seier rådmann Tone Tveito Eidnes om dagane og vekene etter helikopterulukka i Ullensvang i juli. Fire unge menneske og helikopterpiloten omkom i den mest alvorlege helikopterulukka i nyare tid her til lands. Familien til dei omkomne var vitne til ulukka, og heile kommunen var i sjokk. Medetrykket på den vesle kommunen vart stort.

SENTRAL I RÅDHUSET

Å handtere medier er ei stor utfordring i mange slike samanhengar, og det blei ikkje mindre av ei utfordring denne gongen, i og med at presseoppbodet var så stort.

– Vi fekk ganske snart VG, Dagbladet, Aftenposten, Bergens Tidende og heile massemedia til kommunen, seier rådmannen.

For å kome media i møte lét kommunen pressefolket få opprette ein mediesentral i kommunestyrlesalen. Det var ferie, og salen var ikkje i bruk til møteverksem.

– Eg vil seie at media viste god respekt for dei pårørande og pålegga våre om å skjørme desse. Mellom anna aksepterte dei vilkåra for at dei skulle få vere til stades ved minnestunda, og dei pårørande slapp å bli eksponerte. Men det var krevjande å ha pressa så tett innpå seg for oss som jobbar i rådhuset. Det at dei var så synleg til stades, gjorde dessutan at dei pårørande ikkje kunne oppsøke oss på rådhuset.

Alt i alt vil ho seie at kommunen og media kom godt ut av det med kvarandre, men ho er ikkje i tvil om at ein ikkje kunne invitert media inn i rådhuset på denne måten viss kommunen hadde vore ein direkte part i krisa.



RUTINAR: Ei krise er unik, og ein kan ikkje vere førebudd på alt, seier rådmann Tone Tveito Eidnes. Men det er viktig å tenkje same organisering i heradet i krise som i kvardag. (Foto: Toyni Tobekk)

FERIE

Ei anna utfordring for heradet var at ingen av dei ansvarlege var på jobb den dagen helikopteret styrtta. Dette var i byrjinga av juli, og mange var på ferie.

– I løpet av halvannan time var kriseteamet vårt på plass, men blant desse var fleire vikarar, og dei var derfor ikkje dei mest erfarte vi hadde, seier rådmann Tone Tveito Eidnes.

Ordførar, rådmann, assisterande rådmann og leiar i kriseteamet var ute av heradet. Ordførar Solfrid Borge vart varsla i løpet av ein halvtid etter ulukka. Ho var då på veg heim frå eit møte utanfor heradet, og både ho og resten av dei ansvarlege var på plass i løpet av det første døgret.

I ein krisesituasjon er det avgjerande at ein har avklarte roller, seier ho vidare.

– Folk må få vite at dei kan få hjelpe presten i heradet ei sentral rolle etter ulukka, og det vart då naturleg at også han uttalte seg i media. Men ordføraren hadde det overordna ansvaret og innsynet i det som skulle kommuniserast ut.

– Det er også viktig at vi som uttalar oss, ikkje er med og haussar opp situasjonen unødig, men berre formidlar fakta, seier Borge.

Samstundes som at heradet har eit ansvær overfor ålmenta og media, har ein også eit ansvær for å vise samkjensle i ein slik tragisk situasjon, seier ordføraren.

Når så mange er råka, så har heradet ansvær for å kunne tilby hjelpe til dei pårørande i form av kriseteam, psykiater, lege og elles. Det heradet har av kompetanse som kan vere til hjelpe.

– Vi har ei fordeling der ordføraren er den som uttalar seg til media, medan eg er ansvarleg for kriseleiinga. Det er leiinga og teamet si oppgåve å halde ordføraren oppdatert, slik at ho har rett informasjon når ho uttalar seg.

SKJERPA

I ettertid er beredskapen deira evaluert i samarbeid med politiet, og Tveito Eidnes seier evalueringa gjev kommunen gode tilbakemeldingar for arbeidet dei gjorde.

– Folk blir ekstra målmedvitne og konsertrte når kriza inntreffer, trur ho. – No var det heller ikkje kommunen si eiga krise denne gongen, men ein fryktelegratide som påverka mange i kommunen.

TRENG RUTINE

Heradet må ha gode rutinar for krisehandtering, seier rådmannen. – Men heradet må også bruke si eiga vurderingsevne og den menneskekunnskapen ein har.

Heradet opplevde også eit godt samarbeid med ein av dei andre partane i ulukka, helikopterfirmaet Airlift, som har basen sin i Kinsarvik i Ullensvang.

Airlift leigde inn ein eigen rådgjevar med kunnskap om store ulukker, og denne ekspertisen fekk også heradet hjelp av.

Heradet er dessutan árlag med på beredskapsøvingar som fylkesmannen i Hordaland arrangerer. Det har nyleg vore ei slik øving.

– Vi hadde då vald oss intern kommunikasjon som tema for øvinga. Men vi har hatt andre øvingar, der ekstreme straum-brot, store ulukker eller til dømes ras har vore tema. Då går vi gjennom scenarioa og skaffar oss på den måten grunnlag for gode rutinar.

– Det er viktig å ha slike øvingar, seier rådmannen.

– Somme gonger når ein har øvingar, kan ein tenkje at dette var svære greier. Men eg har etterkvart fått stor respekt for og er svært audijsk for at ting verkeleg kan skje, og at vi må vere godt førebudde.

Avklart rolle

– Mi oppgåve som ordførar når kriza er ute, er å vere talsmann for heradet, sei-er ordførar Solfrid Borge i Ullensvang herad.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Fra helikopterulukka i juli var eit faktum, var det ho som fronta heradet andsynes omverda, som svarte på spørsmål og informerte media.

– Etter ulukka hadde eg kontakt med politiet og fekk informasjon av dei, og det var den eg formidla vidare. Samstundes kan det vere andre involverte enn ordføraren som skal vere talpersonar for ein kommune.

– Folk må få vite at dei kan få hjelpe presten i heradet ei sentral rolle etter ulukka, og det vart då naturleg at også han uttalte seg i media. Men ordføraren hadde det overordna ansvaret og innsynet i det som skulle kommuniserast ut.

– Det er også viktig at vi som uttalar oss, ikkje er med og haussar opp situasjonen unødig, men berre formidlar fakta, seier Borge.

Samstundes som at heradet har eit ansvær overfor ålmenta og media, har ein også eit ansvær for å vise samkjensle i ein slik tragisk situasjon, seier ordføraren.

Når så mange er råka, så har heradet ansvær for å kunne tilby hjelpe til dei pårørande i form av kriseteam, psykiater, lege og elles. Det heradet har av kompetanse som kan vere til hjelpe.

– Kva erfaringar har de som kommune gjort dykk etter denne ulukka?

– Ein slik ekstrem situasjon vil ein hauste mange erfaringar frå. Eg sag i alle fall fort at her måtte godt samarbeid til, mellom politiet, heradet og helikopterselskapet Airlift.

